

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 18.08.2017

Vår ref.: 201705405-4/201703336-4

Arkiv: 611

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Solveig Willgohs

22959245/sowi@nve.no

Melding om nye netttiltak på Haugalandet. Høyring av melding og invitasjon til møte

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke melding frå Statnett SF og Haugaland Kraft Nett AS om nye tiltak i sentral- og regionalnettet på Haugalandet. Statnett melder ein 80–90 km lang ny 420 kV leidning frå Blåfalli eller Sauda til Håvik (Gismarvik) i Kvinnherad, Sauda, Etne, Vindafjord, Tysvær og Karmøy kommunar i Hordaland og Rogaland fylker. Statnett melder òg ein ny transformatorstasjon anten i Gismarvik eller på Håvik. Haugaland Kraft Nett melder ein om lag 36 km lang ny 66(132) kV leidning frå Ølen transformatorstasjon via Våg transformatorstasjon til Bratthammar i Vindafjord og Tysvær kommunar i Rogaland fylke.

NVE gjennomfører ein felles offentleg høyring av dei to søknadane då desse må sjåast i samanheng.

Statnett vurderer fleire alternative trasear for den nye 420 kV leidninga:

- Ny kraftleidning frå Blåfalli–Gismarvik/Håvik frå Matre i Kvinnherad, rett sørover mot Litledalen og fortsett vidare sørvestover til Gismarvik/Håvik. Lengd om lag 80–90 km.
- Ny kraftleidning Sauda–Gismarvik/Håvik, vestover med alternativ nordvest opp mot Litledalen, og fortsett vidare sørvestover til Gismarvik/Håvik. Lengd om lag 75–90 km.
- Ein ny transformatorstasjon nær Håvik inne på Hydro Aluminiums område, eller:
- Ein ny transformatorstasjon på Gismarvik inne på området til Haugaland Næringspark.

Haugland Kraft Nett vurderer to alternative trasear for den nye 66(132) kV leidninga:

- Ny dobbel kraftleidning mellom Ølen via Våg mot Spanne i same trasé som eksisterande 66 kV leidning. Lengd om lag 35,7 km.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

- Ny dobbel kraftledning mellom Ølen og Våg i stort sett same trasé som eksisterande leiding, men med nokon avvik i traseen med større avstand til bygningar og ny E134. På delar av traseen går leidinga nærare eitt av Statnett sine melde alternativ. Lengd er om lag 26,8 km. På strekninga Våg–Spanne går leidinga hovudsakleg i same trasé som eksisterande leiding. Lengd er om lag 10 km.

Statnett og Haugaland Kraft Nett har utarbeida meldingane med forslag til utgreiingsprogram i medhald av reglane i plan- og bygningslova med forskrifter. Målet med meldingane er å gje ei tidleg varsling av tiltaket. Gjennom høyring av meldinga ønskjer NVE å få innspel til kva for utgreiingar som bør gjennomførast før konsesjonssøknad om bygging og drift av anlegget vert utarbeida.

NVE vil, som tidligare avtalt, halde orienteringsmøte for lokale og regionale styresmakter i dei rørde kommunane:

- Felles møte med Statnett og Haugaland Kraft Nett for kommunane **Karmøy, Haugesund, Tysvær og Vindafjord, måndag 4. september 2017 kl. 10.30–12.30**. Møtet finn stad på Kommunehuset på Aksdal.
- Møte med berre Statnett for **Sauda kommune, tysdag 5. september 2017 kl. 13.30-15.00**. Møtet finn stad på Kommunehuset i Sauda.
- Møte med berre Statnett for **Etne og Kvinnherad kommunar, onsdag 6. september 2017 kl. 14.30–16.00**. Møtet finn stad på Skånevik Fjordhotell i Skånevik.

Vi håper på brei deltaking både frå politisk leing og administrasjonen i kommunen, inkludert representantar for det faste utvalet for plansaker. **Representantar frå Fylkesmannen og fylkeskommunen er med dette invitert til desse møta**. NVE vil orientere om handsaminga av meldingane og forslag til utgreiingsprogram. Statnett og Haugaland Kraft Nett vil vere representert og orientere om planane.

NVE held òg offentleg møte i dei rørde kommunane, møta vert halde følgjande tid og stad:

- Møte med Statnett og Haugaland Kraft Nett for kommunane **Karmøy, Haugesund, Tysvær og Vindafjord, måndag 4. september 2017 kl. 19.00**. Møtet finn stad på Tysværtunet på Aksdal.
- Møte med berre Statnett for **Sauda kommune, tysdag 5. september 2017 kl. 19**. Møtet finn stad i kinosalen på Sauda kommunale kino i Sauda.
- Møte med berre Statnett for **Etne og Kvinnherad kommunar, onsdag 6. september 2017 kl. 19.30**. Møtet finn stad på Skånevik Fjordhotell i Skånevik.

På møta vil NVE orientere om handsaminga av meldingane og forslag til utgreiingsprogram. Statnett og Haugaland Kraft Nett vil vere representert og orientere om planane. Møtet er ope for alle.

Meldingane med forslag til utgreiingsprogram er tilgjengeleg på NVE sine internettsider www.nve.no/kraftledninger.

Skjema for fråsegner kan finnast på våre internettsider. Fråsegner kan òg sendast som e-post til nve@nve.no eller som brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO.

Fråsegner til meldinga må sendast NVE **innan 29. september 2017**.

Sakshandsamer hjå NVE for meldinga frå Haugaland Kraft Nett er Lars Hagvaag Seim, e-post lhs@nve.no, telefon 22 95 98 74.

Sakshandsamar hjå NVE for meldinga frå Statnett er Solveig Willgohs, e-post sowi@nve.no, telefon 22 95 92 45.

Informasjon til kommunane:

Til kommunane er to eksemplar av meldingane vedlagt. Vi ber om at eitt eksemplar blir lagt ut i kommunen til offentleg ettersyn. NVE vil kunngjere høyringa, utlegging til offentleg ettersyn og dei offentlege møta i aktuelle aviser. Vedlagt følgjer òg fem oppslag om det aktuelle offentlege møtet, og vi ber om at kommunen heng opp desse på servicetorg, bibliotek, nærbutikk og liknande. Vi ber vidare kommunen leggje meldingane og informasjon om det/dei offentlege møtet/møta ut på sine internettsider og ev. facebooksider, og å orientere aktuelle lokale velforeiningar, idrettslag, interesseorganisasjonar m. fl. om meldingane.

Med helsing

Siv Sannem Inderberg
seksjonssjef

Solveig Willgohs
rådgevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Liste over høyrings- og orienteringsinstansar
 Til kommunane: To eksemplar av meldinga og fem plakatar

Mottakerliste:

Etne kommune
Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Rogaland
Haugesund kommune
Hordaland fylkeskommune
Karmøy kommune
Kvinnherad kommune
Rogaland fylkeskommune
Sauda kommune
Tysvær kommune
Vindafjord kommune

Kopi til:

Statnett SF